vigo
Interkommunalt selskap

Fylkeskommunenes landssamarbeid

# Eksamen

13.11.2020

AMB2002 Ambulansemedisin

**Programområde:** Ambulanse

Nynorsk/Bokmål

# Nynorsk

| **Eksamensinformasjon** | |
|---|---|
| **Eksamenstid** | Eksamen varer i 4 timar. |
| **Hjelpemiddel** | Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre. |
| **Bruk av kjelder** | Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.<br><br>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato. |
| **Vedlegg** | Ingen |
| **Vedlegg som skal leverast inn** | Ingen |
| **Informasjon om vurderinga** | **I vurderinga vil det blir lagt vekt på at du:**<br><br>• Kan beskrive korleis du vil løyse caseoppgåva og grunngir kvifor<br>• Trekker inn aktuelle fagområder i grunngivinga<br>• Viser innsikt og fagleg forståing<br>• Nyttar korrekt fagterminologi<br>• Ser heilskapen og samanhengen mellom teori og praksis<br>• Har god struktur i eksamenssvaret |
| **Andre opplysningar** | Ved bruk av PC, bruk font Arial, skriftstørrelse 12 og linjeavstand 1,5.<br>Klargjering av uttrykk i spørsmålsformuleringa:<br><br>Gjer greie for:<br>Forklaring med eigne ord som viser forståing for det ein har lest/lært. Inneber ein viss grad av tolking som viser at kandidaten har gjort lærestoffet til sitt eige, og at dei synspunkta som vert sette fram vert grunngivne. |

# Oppgåve 1

Du har dagvakt på ein ambulansestasjon som andre års lærling. Klokka 11.00 får de eit oppdrag.

**Melding**:
Køyrekode RAUD (Kode 1).
Matveien 1. Ein kollega møter dykk ved hovedinngangen.
Kvinne 56 år med kraftige trykkande magesmerter som strekker seg opp mot brystet og kjeve.

**På henteadresse:**
Kvinna er på arbeid, ho er sjølvstendig næringsdrivande og driv ein eigen matvarebutikk. Det er ein av dei tilsette som har ringt og som møter dykk utanfor butikken. De blir vist veg til pasienten, ho ligg med augo igjen på ein benk på bakrommet i butikken og er tydeleg smertepåvirka. Kvinna fortel at ho fekk smerter for ca. 25 minuttar sidan og at dei sidan har auka i omfang. De oppfattar kvinna som svært engsteleg. Ho seier at ho har teke Nitroglyserin-spray fleire gonger sidan smertene starta, men det har ingen effekt. Vidare fortel ho fortvila at fastlegen har snakka med ho om at ho bør endre livstil på grunn av angina og høgt kolesterol. Blant anna skulle ho ha slutta å røyke, men har ikkje fått det til.

*Funn:*
Luftveger: frie
Respirasjon: rask
Puls radialis: noko rask frekvens, nedsett fylde og uregelmessig
Huden: betydeleg kaldsveitt og bleik

*Vitalia:*
Respirasjon: frekvens 25
Spo2: 93 %
Puls: 100, uregelmessig
BT: 95/50
GCS: 3-5-6 = 14
Ingen kjende allergiar
Tidlegare sjukdomar: Hyperkolesterolemi og angina pectoris
Faste medisinar; Lipitor, Albyle-E og Selo-Zok (betablokker)
Eventuelt medisinar: Nitrolingual (Nitroglyserin-spray) ved behov
Ete og drukke normalt siste dagar. Kun ete ei banan til frukost kl. 08.00. Røykte for 30 minuttar sidan.

**Oppgåve til case/situasjonsbeskriving:**
Gjer greie for alle undersøkingar, vurderingar og tiltak du vil gjere knytta til pasientens tilstand under dette ambulanseoppdraget.

## Oppgåve 2

Du har kveldsvakt på ein ambulansestasjon som andre års lærling. Klokka 21.00 får de eit oppdrag. Veret er klart og 15 grader.

**Melding**:
Køyrekode RAUD (Kode 1).
Storgata 1, utsida av Narvesenkiosken. (utrykningstid ca 10 minuttar)
Mann 25 år knivstukken i høgre lår. Vaken.
Tilstadeverande beskriv synleg blødning.
Politiet er varsla og på veg med 2 einingar.

**På henteadresse/skadestad:**
Politiet er på staden og har kontroll på gjerningsmann og stikkvåpen. Den skada mannen er tydeleg smertepåvirka, stønnar høgt og er uroleg. Det kan observerast blødning frå det høgre låret til mannen.
Kameraten til mannen har observert hendinga og kan bekrefte den skaddes personalia. I tillegg kan han bekrefte at den skadde heile tida har vore ved bevisstheit, men har blitt aukande uroleg. Kameraten kan også fortelle at den skadde og gjerningmannen hadde ein kraftig diskusjon som endte med knivstikkinga.

*Funn;*
Luftvegar: frie
Respirasjon: rask
Puls radialis: rask frekvens, nedsett fylde og regelmessig
Kapillær > 3 sekundar
Huda: blek, klam og kjøleg
Hovudet: lite skubbsår i panne, elles ingen funn
Toraks: ingen funn
Abdomen: ingen funn
Rygg: ingen funn
Bekken: ingen funn
Bein: tydeleg stikkskade høgre lår, kraftig pågåande blødning

*Vitalia:*
Respirasjon: frekvens 24 og ved auskultasjon normale respirasjonslydar bilateralt
Spo2: 91 %
Puls: 115
BT: 95/50
GCS: 4-4-5 = 13, pupillar likestilte og reagerer på lys
Ingen kjende allergiar
Tidlegere sjukdomer: astma
Faste medisinar; ingen
Eventuelt medisinar: Ventoline ved behov
Åt ein hamburgar og drukke 0,5 l brus for ca. ein time sidan.

**Oppgåve til case/situasjonsbeskriving:**
Gjer greie for alle undersøkingar, vurderingar og tiltak du vil gjere knytta til pasientens tilstand under dette ambulanseoppdraget.

# Bokmål

| **Eksamensinformasjon** | |
|---|---|
| **Eksamenstid** | Eksamen varer i 4 timer. |
| **Hjelpemidler** | Alle hjelpemiddel er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre. |
| **Bruk av kilder** | Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.<br><br>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato. |
| **Vedlegg** | Ingen |
| **Vedlegg som skal leveres inn** | Ingen |
| **Informasjon om vurderingen** | I vurderingen vil det bli lagt vekt på at du:<br>• Kan beskrive hvordan du vil løse caseoppgaven og begrunner hvorfor<br>• Trekker inn aktuelle fagområder i begrunnelsen<br>• Viser innsikt og faglig forståelse<br>• Anvender korrekt fagterminologi<br>• Ser helheten og sammenhengen mellom teori og praksis<br>• Har god struktur i besvarelsen |
| **Andre opplysninger** | Ved bruk av PC, bruk font Arial, skriftstørrelse 12 og linjeavstand 1,5.<br><br>Klargjøring av begrep i spørsmålsformuleringen:<br><br><u>Gjør rede for:</u> Forklaring med egne ord som viser forståelse for det en har lest/lært. Innebærer en viss grad av tolkning som viser at kandidaten har gjort lærestoffet til sitt eget, og at de synspunkter som fremsettes begrunnes. |

## Oppgave 1

Du har dagvakt på en ambulansestasjon som andre års lærling. Klokken 11.00 får dere et oppdrag.

**Melding**:
Kjørekode RØD (Kode 1).
Matveien 1. En kollega møter dere ved hovedinngangen.
Kvinne 56 år med kraftige trykkende magesmerter som strekker seg opp mot brystet og kjeve.

**På henteadresse:**
Kvinnen er på arbeid, hun er selvstendig næringsdrivende og driver en egen matvarebutikk. Det er en av de ansatte som har ringt og som møter dere utenfor butikken. Dere blir vist vei til pasienten, hun ligger med øynene igjen på en benk på bakrommet i butikken og er tydelig smertepåvirket. Kvinnen forteller at hun fikk smerter for ca. 25 minutter siden og at de siden har økt i omfang. Dere oppfatter kvinnen som svært engstelig. Hun sier at hun har tatt Nitroglyserin-spray flere ganger siden smertene startet, men det har ingen effekt. Videre forteller hun fortvilet at fastlegen har snakket med henne om at hun bør endre livstil på grunn av angina og høyt kolesterol. Blant annet skulle hun ha sluttet å røyke, men har ikke fått det til.

*Funn:*
Luftveier: frie
Respirasjon: rask
Puls radialis: noe rask frekvens, nedsatt fylde og uregelmessig
Huden: betydelig kaldsvett og blek

*Vitalia:*
Respirasjon: frekvens 25
Spo2: 93 %
Puls: 100, uregelmessig
BT: 95/50
GCS: 3-5-6 = 14
Ingen kjente allergier
Tidligere sykdommer: Hyperkolesterolemi og angina pectoris
Faste medisiner; Lipitor, Albyle-E og Selo-Zok (betablokker)
Eventuelt medisiner: Nitrolingual (Nitroglyserin-spray) ved behov
Spist og drukket normalt siste dager. Kun spist en banan til frokost kl. 08.00. Røykte for 30 minutter siden.

**Oppgave til case/situasjonsbeskrivelse:**
Gjør rede for alle undersøkelser, vurderinger og tiltak du vil gjøre knyttet til pasientens tilstand under dette ambulanseoppdraget.

## Oppgave 2

Du har kveldsvakt på en ambulansestasjon som andre års lærling. Klokken 21.00 får dere et oppdrag. Været er klart og 15 grader.

**Melding**:
Kjørekode RØD (Kode 1).
Storgata 1, utsiden av Narvesenkiosken. (utrykningstid ca 10 minutter)
Mann 25 år knivstukket i høyre lår. Våken.
Tilstedeværende beskriver synlig blødning.
Politiet er varslet og på vei med 2 enheter.

**På henteadresse/skadested:**
Politiet er på stedet og har kontroll på gjerningsmann og stikkvåpen. Den skadde mannen er tydelig smertepåvirket, stønner høyt og er urolig. Det kan observeres blødning fra mannens høyre lår.
Mannes kamerat har observert hendelsen og kan bekrefte den skaddes personalia. I tillegg kan han bekrefte at den skadde hele tiden har vært ved bevissthet, men har blitt tiltagende urolig. Kameraten kan også fortelle at den skadde og gjerningmannen hadde en kraftig diskusjon som endte med knivstikkingen.

*Funn;*
Luftveier: frie
Respirasjon: rask
Puls radialis: rask frekvens, nedsatt fylde og regelmessig
Kapillær > 3 sekunder
Huden: blek, klam og kjølig
Hodet: lite skubbsår i panne, ellers ingen funn
Toraks: ingen funn
Abdomen: ingen funn
Rygg: ingen funn
Bekken: ingen funn
Bein: tydelig stikkskade høyre lår, kraftig pågående blødning

*Vitalia:*
Respirasjon: frekvens 24 og ved auskultasjon normale respirasjonslyder bilateralt
Spo2: 91 %
Puls: 115
BT: 95/50
GCS: 4-4-5 = 13, pupiller likestilte og reagerer på lys
Ingen kjente allergier
Tidligere sykdommer: astma
Faste medisiner; ingen
Eventuelt medisiner: Ventoline ved behov
Spist en hamburger og drukket 0,5 l brus for ca. en time siden

**Oppgave til case/situasjonsbeskrivelse:**
Gjør rede for alle undersøkelser, vurderinger og tiltak du vil gjøre knyttet til pasientens tilstand under dette ambulanseoppdraget.

www.vigoiks.no/eksamen

vigo

Interkommunalt selskap